



# Internt miljøhandlingsprogram for Vestland fylkeskommune 2021

Status 2020 og innsatsområder i 2021

# Innhald

<b>Miljøleing i Vestland fylkeskommune .....</b>	<b>3</b>
<b>Status 2020 .....</b>	<b>4</b>
Samarbeid internt .....	4
Klimabudsjett .....	4
Miljøsertifisering .....	5
Utvalde prosjekt og aktivitetar .....	5
Samarbeid med kommunane .....	6
<b>Internt miljøhandlingsprogram for 2021 .....</b>	<b>7</b>
<b>Vedlegg .....</b>	<b>10</b>
1. Tabell frå Klimabudsjett 2021: Innsatsområde for nullutslepp 2030 .....	10
2. Klima- og miljøtilskot til vidaregåande skular - oversyn .....	10

# Miljøleing i Vestland fylkeskommune

Utviklingsplan for Vestland 2020–2024 set retning for samfunnsutviklinga i fylket. Eit av dei fire hovudmåla i planen er at klima og miljø skal vere premiss for samfunnsutviklinga.

Då planen vart vedteken av fylkestinget i september 2020, vart det i strategi 2.1 tidfest at Vestland skal vere ein pådrivar for klimaomstilling og nullutslepp innan 2030. I strategi 2.3 vert det stadfesta at Vestland skal bidra til å nå klima- og miljømåla gjennom offentlege innkjøp. Dette påverkar korleis det vert jobba med miljøutfordringar i eigen organisasjon.

Årleg miljørekneskap og miljøsertifisering av verksemda inkluderer styring og oppfølging av energibruk (FN-mål nr.7), transport (FN-mål nr.11), og innkjøp og avfall (FN-mål nr.12).

For å lage klimarekneskapen (FN-mål nr.13) vert miljørekneskapen utvida til å inkludera utslepp frå kjøp av tenester som t.d. ferje- og bussdrift. Dette er utgangspunkt for årsrapportering, og å lage klimabudsjett for Vestland fylkeskommune sin eigen aktivitet. Slik heng klimaomstilling saman med den interne miljøleinga.



---

*Berekraftig leing* handlar om å ivareta FN sine tre pilarar for berekraftig utvikling; Miljø og natur, sosial utvikling og økonomisk utvikling – «den tredelte botnlina».

*Miljøleing* skal regulere verksemda sin verknad på det ytre miljøet og inkluderer dermed også klimaspørsmål. Overordna mål for verksemda skal inkludere miljø- og klimamål, og desse måla skal gjennomførast og rapporterast på linje med økonomiske og andre mål. Toppleinga har ansvar for at dette gjennomsyrrer heile organisasjonen, og direktørane følger opp på kvar sine felt.

Når satsing på miljø og klima ikkje lenger er driven av eldsjeler, men institusjonalisert på administrativt og politisk nivå, fungerer miljøleinga. Då er miljøstyringssystemet tatt i bruk i heile organisasjonen, og rutinar og praksis er berekraftige.

---

# Status 2020

2020 har vert nytta til å etablere og utvikle klima- og miljøarbeidet i ny organisasjon med bakgrunn i vedtak i toppleiar møtet i januar:

1. Vestland fylkeskommune skal jobbe systematisk med intern miljøleiing og klimaarbeid i alle einingar som del av dei ambisiøse klimamåla sett i klimaplanane og politisk plattform
2. Klima- og miljøstyring er eit leiaransvar i alle einingar i Vestland fylkeskommune og skal vere integrert i kvalitetssystemet. Oppfølginga av arbeidet føl linjeorganisasjonen
3. Det er eit mål at alle einingane i Vestland fylkeskommune vert miljøsertifiserte
4. Fylkeskommunen skal jobbe aktivt med å støtte arbeidet i kommunane, både som kunnskapsformidlar og samarbeidspart

I internt miljøhandlingsprogram for 2021 (tabell 1, s. 7) er status for gjennomføring i 2020 for alle tiltak kort samanfatta. I det følgjande er nokre av innsatsområda skildra noko meir, for å gi eit bilete på kva som er arbeidd med i 2020 og legg grunnlag for vidare utvikling i 2021.

## Samarbeid internt

- **Samarbeid med ORO-økonomi** om klimabudsjett vart etablert i ny organisasjon. Samarbeidet har vist seg særst verdifullt for å utvikle eit klimabudsjett som er kopla på ordinær budsjettprosess og etablerte kontaktpunkt. Vidare utvikling av klimabudsjett er ein kontinuerleg prosess for kople vurdering av klimatiltak enno betre med økonomiske prioriteringar.
- **Fast møtepunkt med ORO-Innkjøp** frå desember 2020.
- Årleg møtepunkt med dei vidaregåande skulane er del av årshjulet til miljøleiinga. I **samarbeid med avd. for Opplæring og kompetanse** vart «Miljøpedagogisk dag» gjennomført digital 17. november med over 50 deltakande rektorar, ass. rektorar og klima- og miljøkontaktar.
- **Nytt fagnettverk for klima- og miljøkontakter** i avdelingane vart oppretta i mars. Det er oppretta eigen Teams-kanal for deling av informasjon og gjennomført to møter (vår/haust)
- **Samarbeid med ORO-HR** om kvalitetssystemet i samband med etablering av miljøstyringssystem i ny organisasjon.
- Kontaktpunkt for klimaarbeid mellom **Innovasjon og næring** ved Grøn vekst, klima og energi og Klimapartner Vestland, og **Strategisk utvikling og digitalisering** ved Plan, klima og folkehelse.

## Klimabudsjett

- Budsjett 2021 tar utgangspunkt i utviklingsplanen med berekraftsmål og samfunnsoppdraget til fylkeskommunen. Klimabudsjettet legg til grunn strategien om nullutslepp i 2030 og bruk av offentlege innkjøp for å nå klimamåla. Sektorane har sjølv omtalt klimautfordringar i budsjettdokumentet, i sine avsnitt om både på drift og investering.

- Som for 2020, er det dessutan eit kapittel om klimaomstilling i Budsjett 2021. Nytt av året er avsnitt 5 Klima i investeringsprogram. Her er det tekst frå Infrastruktur og veg, frå Eigedomsseksjonen og frå Bybanen Utbygging. I oppfølginga er det ønskjeleg å få fram og talfeste tiltak som blir gjort for å redusere klimagassutslepp og å få fram kunnskapsgrunnlag for avgjerder i nye prosjekt.
- På driftssida held arbeidet med klimaomstilling i kollektivtenester og energieffektivisering i bygg fram. Noko liknande går an å sjå føre seg på infrastruktur og veg.
- Det er ein mangel at vi ikkje kan seie kva/kor mykje klimagassutslepp VLFK bør kutte og kva utslepp vi vil ende opp med fram til 2030 om vi ikkje gjer tiltak. For å bøte på dette vil vi få laga referansebane med ulike scenarier for måloppnåing for å kunne talfeste meir i neste års budsjett. Inntil vidare nyttar vi nullutsleppsmålet i 2030, tolka som å eliminere utslepp frå fossile kjelder.



## Miljøsertifisering

- Målet er at alle einingar i Vestland fylkeskommune vert miljøsertifiserte. I 2020 er følgjande deler av Vestland fylkeskommune **re-sertifisert som Miljøfyrtårn**: Hovudkontoret (virtuelt), Stryn vgs og 15 klinikkområde (sertifisert innan jul). Klima- og miljøkoordinatorane i SUD-klima har fungert som konsulentar i prosessane. Sjølve sertifiseringa blir gjort av ein tredjeparts sertifisør og godkjent av Stiftelsen Miljøfyrtårn i Norge.
- I 2021 skal dei tre fylkeshusa sertifiserast som lokasjonar for hovudkontoret. 11 vidaregåande skular i Sogn og Fjordane og ein skule i Hordaland skal starte eit nytt sertifiseringsarbeid og 13 vidaregåande skular skal resertifiserast i løpet av 2021. Fire skular har pågåande sertifiseringsarbeid og sju vidaregåande skular er ikkje sertifiserbare sidan dei manglar helseverngodkjenning for eitt eller fleire bygg. Planen er at desse skal dokumentere miljøleing i tråd med sertifiseringskrava og levere årleg klima- og miljørapport i Miljøfyrtårn sin portal.

## Utvalde prosjekt og aktivitetar

- Å skifte ut bilparken til fylkeskommunen, frå fossilbaserte bilar til **nullutsleppskøyretøy**, er noko som omfattar fleire avdelingar i fylkeskommunen. Etter vedtak i toppleiar møte i haust jobbast det no med ei samordning, og rutinar for korleis dette skal gjennomførast.
- Dei vidaregåande skulane vart inviterte til å søkje om **Miljøtilskot til vidaregåande skule** i september 2020. Dette er ein post på kr 400.000,- i det interne miljøhandlingsprogrammet. Sidan nokre skular søkte om tilskot til sykkelparkering slo vi sakshandsaminga saman med posten *Ekstraordinære klima-, miljø og energitiltak i FK prosjekt* som dei siste åra i Hordaland m.a. er brukt til sykkelparkering. Dermed vart det ein pott på totalt kr 1,3 mill. som vart fordelt, sjå vedlegg 3.
- Prosjektet om **berekraftig matsservering i vgs** er ei oppfølging av Miljøfyrtårn-kriteria for auka andel økologisk mat og reduksjon av matsvinn. Med utgangspunkt i ei heilskapleg tilnærming til

eit berekraftig måltid, vil to pilotskular fram mot sommaren 2021 teste ut kva som skal til for å utvikle eit mattilbod for ungdommen som tek større omsyn til dei nasjonale kosthaldsråda, bruk av lokale og sesongbaserte råvarer, meir av det grønne og økologisk (norsk) der ein kan, samt mindre matsvinn. Stryn vgs og Voss vgs er pilotskular i prosjektet, og legg opp til at endringane i menyen skal skje innafor dei rammene som ligg for kantinedrift i vgs og med høg grad av elevmedverknad.

- Dei vidaregåande skulane i Sogn og Fjordane fekk i 2019 tilbod om å delta i **Klimameisterskap 2020**, dekkja av sentraladministrasjonen. Ti skular deltok og Voss Gymnas kom også med. Deltakarane oppsummerte at dette er eit tiltak det er verdt å satse på, men at ein må sikre seg at prosjektet er forankra både i skuleleiinga og blant elevar og lærarar før ein bruker store økonomiske ressursar på deltaking.
- Alle dei vidaregåande skulane i Vestland fylkeskommune fekk tilbod om å delta i **Plastutfordringa 2020**. Dette var ei oppfølging av plaststrategien og det politiske engasjementet rundt TV-aksjonen som støtta WWF sitt arbeid mot plast i havet. Det vart nytta kr 150.000 til dette. 11 skular deltok og 1190 elevar var påmelde. Slåtthaug vgs vart beste skule i landet. 1Hsa vart beste klasse der. Dei fem jentene i hestefagklassa på Voss vgs vart beste klasse i landet med villmarksklassa hakk i hæl.



PLASTAKSJONEN: Slåtthaug vgs vart beste skule i landet. 1Hsa vart beste klasse der.



PLASTAKSJONEN: Dei fem jentene i hestefagklassa på Voss vgs vart beste klasse i landet.



KLIMAMEISTERSKAPEN: Sogn jord- og hagebruksskule i Aurland låg lenge an til å vinne den nasjonale klassen for små skular, men enda til slutt på ein flott andre plass.

## Samarbeid med kommunane

- **Undersøking hausten 2020**, om klima- og energiplanlegging i kommunane i Vestland, visar eit behov for kompetansebygging knytt til mellom anna klimabudsjett og klimarekneskap, utsleppsmål og innkjøp. Dette er tema VLFK jobbar mykje med i eigen organisasjon og kor ein kan leggje til rette for erfaringsdeling med kommunane.
- Med støtte av Klimasats-ordninga er det oppretta ei toårig prosjektstilling for «klima i plan», der ein mellom anna etablerer eit **klimanettverk for kommunane** for å møte behova som kjem fram i undersøkinga.



# Internt miljøhandlingsprogram for 2021

Internt miljøhandlingsprogram syner innsatsområde for oppfølging av klima- og miljøarbeidet internt i Vestland fylkeskommune. Totalt er det budsjettet med kr. 2.845.000 frå Klimaplanens budsjett i 2021.

Tabellen viser føreslegne tiltak og kostnad for 2021 med status for gjennomføring så langt i 2020. Tiltaka er delt i fire grupperingar: Verktøy for miljøleining, tiltak i eiga drift, kjøpte tenester innan transport og kjøpte tenester innan bygg og anlegg. Dette er utgangspunktet og det kan bli justeringar mellom beløp som er satt opp.

Tiltak	Budsjett 2021	Ansvar	Skildring og status nov 2020	
<b>VERKTØY – MILJØLEIING</b>				
<b>1</b>	<b>Få på plass system for miljørekneskap frå og med året 2020 for VLFK</b>	50.000	ORO-klima	For miljørekneskap for 2020 og vidare har Bouvet fått i oppdrag å fornye systemet for miljørekneskap i PowerBI
<b>2</b>	<b>Budsjett for klimagassutslepp som del av fylkesbudsjettet, drift og investering i VLFK</b>		ORO-økonomi SUD – Klima	Sektorane har omtalt klima i budsjett 2021. Klima- og miljøkontaktar i kvar avdeling har medverka. Det er også eit eige kap. 2 Klimaomstilling i budsjettet.
<b>3</b>	<b>Miljøleining og miljøsertifisering eiga drift</b> Årleg avgift til Miljøfyrtårn 180' Tredje parts sertifiser 220' Kons hjelp miljøsert VGS 90'	490 000	SUD- Klima	Det er utpeikt klima- og miljøkontaktar i alle avdelingar. Det er halde to møte med dei. Tannklinikkane som skal resertifiserast er i gang. Vi må lage ny avtale med sertifisør.
<b>4</b>	<b>Integrere miljøstyring i kvalitetsverktøy</b> Ytre miljø som ein del av: <ul style="list-style-type: none"> <li>• kurs for nytilsette</li> <li>• HMS Grunnkurs</li> <li>• Leiaropplæring</li> <li>• Berekraftskulen ?</li> </ul>	100.000	Avdelingane/ einingane må ta ansvar  SUD-klima er pådrivar	Ventar på kva tiltaksplanar som kjem i oppfølging av Utviklingsplan for Vestland. Tidlegare brukt lokal HMS-handlingsplan for tiltak for miljø og klima.  Trenge meir fokus på opplæring av tilsette, at tema blir inkludert i kurs som blir arrangert. SUD-klima ønskjer å bruke utviklingsplanen som ramme for dette.
<b>5</b>	<b>Vidareutvikle klima -og miljøvenlege innkjøp</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Stille miljøkrav i alle kontraktar eller grunnngje kvifor ikkje. Følgje opp undervegs</li> </ul>		SUD-klima ORO-økonomi ORO-innkjøp	ORO-innkjøp og SUD-klima har planlagt faste samarbeidspunkt om tema.  ORO-innkjøp jobbar med berekraftige møbelinnkjøp. Andre samarbeidstema kan vere satsing mat, plast, transport og emballasje i vareleveransar.  Samarbeide om oppfølging av Strategi 2.3 i Utviklingsplanen.
<b>6</b>	<b>Klimapartner Vestland, medlemsavgift</b>	50.000	INN	VLFK er ein av 62 partnarar i nettverket. Leiarar for Klimapartner Vestland er tilsette i VLFK- avd. for innovasjon og næring.
	<i>Sum</i>	<i>690.000</i>		

	Tiltak	Budsjett 2021	Ansvar	Status nov 2020
<b>TILTAK I EIGA VERKSEMD/DRIFT</b>				
7	<b>Null- og lågutsleppsbilar til tenestekøyring med egne, leigde eller «leasa» køyretøy</b>		ORO-innkjøp SUD-klima? avdelingar	ORO-innkjøp har hatt notat til toppleiargruppa om anskaffing av køyretøy.  Kan KII legge om bestillingsrutinane sine slik at dei ber om el-bilar eller andre låg/nullutsleppsbilar der det er mogleg?
8	<b>Redusere utbetaling til godtgjersle av fossil køyring</b>		Kvar avdelingsdirektør og einingsleiarar	Korleis følge opp dette i ulike sektorar? Auka bruk av nettmøte og «videokonferansar» Corona vil gjere sitt til at utslepp av klimagass frå denne kjelda fell i 2020 og truleg også i 2021.
9	<b>Redusere tal på flyreiser</b>		Kvar avdelingsdirektør og einingsleiarar	Korleis følge opp dette i ulike sektorar? Det er eit administrativt innsparingsprogram som vil redusere reising. Auka bruk av nettmøte og «videokonferansar». Corona vil gjere sitt til at utslep av klimagass frå denne kjelda fell i 2020 og 2021.
10	<b>Redusere utslepp frå stasjonær energibruk</b>		Eigedomsavdelinga	Eigedom jobbar kontinuerleg med dette
11	<b>Ekstraordinær klima-, miljø og energitiltak i FK prosjekt/tiltak</b>	<b>700.000</b>	SUD-klima	Det er tildelt midlar til sykkelparkering på Austevoll vgs/Fagskulen og til Fyllingsdalen vgs. Bergen katedralskole har fått midlar tidlegare, men arbeidet er enno ikkje i gang.  Det er også gjeve tilskott til å bytte ut fossildreven gravemaskin med elektrisk og til elektrisk komprimeringsverktøy. Denne ordninga vart lyst ut saman med miljøtilskot til vidaregåande skular. Tildelinga av midlar vart sett i samanheng.
12	<b>Sykkelsatsing</b>	250 000	SUD-klima	Sykle til jobben er ikkje gjennomført i 2020 pga Corona. Nokre vidaregåande skular har hatt sykkelpleiearrangement
13	<b>Berekraftig måltid i vidaregåande skular</b>	300 000	Øk. og Org.avd., Opplæringsavd., SUD- klima, - Folkehelseingen, Innkjøpsseksjonen	Hausten 2018 vart det gjennomført individuell rettleiing av 6 skular i Hordaland. Vår 2019 er det gjennomført individuell rettleiing for 4 skular, eit kurs for 14 pers frå 6 skular og ein inspirasjonsdag. I 2020 er det starta utviklingsprosjekt i Stryn vgs og Voss vgs.
14	<b>Miljøtilskot til vidaregåande skular</b>	600.000		11 vidaregåande skular fekk tilsegn frå denne ordninga i 2020. Midla gjekk mellom anna til avfallshandtering, salatbar, kjøleskap, bestikk og servise i kantina for å unngå eingongsløysingar i plast, oppvaskmaskin i kantina, el-sykkel, lage bærhage og urtehage. To skular fekk tilbod om kompetanseheving for kantineverksemd.
15	<b>Klima- og miljøaktivitetar i vidaregåande skular</b> <b>Elevaktive læringsformer</b>	300.000	SUD OPK	Klimameisterskap i 12 VGS i hovudsakleg i Sogn og Fjordane i 2020. Plastutfordringa blir gjennomført i 11 vidaregåande skular i oktober 2020.
	Miljøpris til skole/ungdom? Eks. Kvartalets beste tiltak	5.000		Løfte fram gode tiltak i vgs/blant ungdom, ikkje miljøpris, men ha noko pengar tilgjengeleg
<b>Sum frå Klimaplanens budsjett</b>		<b>2.155.000</b>		



	Tiltak	Budsjett 2021	Ansvar	Status nov 2020
<b>KJØPTE TENESTER - TILTAK I TRANSPORT</b>				
16	Låg-/nullutslepps bussruter i regi av VLFK/Kringom/Skyss		Skyss	Pågår. Frå 1. desember 2020 vil alle bussar i rutetrafikk i Bergensområdet vera fossilfrie. Bussar som ikkje er elektriske, går på fossilfritt biodrivstoff.
17	Arbeide for låg-/nullutslepps båtruter i regi av VLFK		Skyss	Pågår. Fylkesutvalet har vedteke at ny kontrakt for sambanda mellom Sogn og Fjordane og Bergen, skal leggje til rette for innfasing av hybridbåtar så snart som mogeleg, men seinast innan utgangen av 2024. Nye anbod er planlagt lyst ut ved årsskiftet 2020/2021. Endeleg vedtak i Fylkestinget.  Askøysambandet: Avklaring kring kaiplassering og naudsynt infrastrukturtilrettelegging vil ha innverknad på kommande nytt anbod med omsyn til elektrisk drift.
18	Låg-/nullutslepps ferjeruter i regi av VLFK		Skyss	Pågår. 19 av 24 ferjesamband vil i løpet av 2020 vere drifta av elektriske hybridferjer.
19	Miljøkrav til drosjeløyver		INN-energi og klima	Prosjektet «Grønn omstilling i drosjenæringa» inneber at det skal vere null utslepp frå drosjenæringa i Hordaland frå 2024. Vestland fylkesting gjorde vedtak om dette i mars i år. Samstundes vedtok fylkestinget å få utgreidd høve til å stille same krav i alle kommunar i Vestland fylke.
<b>KJØPTE TENESTER - TILTAK I BYGG OG ANLEGG</b>				
20	Bybanen utbygging – klima- og miljøvenlege tenestekjøp		Bybanen utbygging	Prosjektet Grønare bybaneutvikling held fram. Dei fekk inntil kr 375.000 frå Klimasats til at entreprenør kan anskaffe elektrisk lastebil. Midlar frå klimasats også til elektrisk spuntemaskin og til evaluering og vidareutvikling av miljøkrav.  Dei har Miljøoppfølgingsplan for alle entreprisar. 96 % fossilfri anleggsplass i 2020 (BT4 sentrum-Fyllingsdalen)
21	Arbeide for å fremje fossilfrie/Lågutslepp byggeplassar, bybaneutbygging og fylkesveggar		Vedtak i toppleiargruppa-HFK	Bør følgjast opp i klimabudsjett.  Felles erklæring om fossilfrie bygge- og anleggsplassar i Vestland frå des. 2019.  Etter 2021 skal minst 10% av alle anleggsmaskinar vere utsleppsfrie/drivast av elektrisitet.  CO2-reduksjon for nybygg  Berekraftig materialbruk
22	Vidaregåande skule som pådrivar for fossilfrie/lågutslepps anleggsmaskinar og tyngre transport		Vidaregåande skular Opplæringsavdelinga SUD-klima	I gang med å lage loversyn over kva maskinar og køyretøy dette dreier seg om for å kunne lage forslag til utskiftingsplan. Gjeld særleg Os vidaregåande skule i tillegg Stend, Voss, og Sogn Jord- og hagebruksskule
	Sum frå Klimaplanens budsjett	0		
SUM TOTALT FRÅ KLIMAPLANENS BUDSJETT TIL INTERN MILJØSTYRING		2.845.000		

# Vedlegg

1. Tabell frå Klimabudsjett 2021: Innsatsområde for nullutslepp 2030
2. Klima- og miljøtilskot til vidaregåande skular - oversyn

# Vedlegg 1: KLIMABUDSJETT 2021

## Innsatsområde for nullutslepp 2030; oversikt over prioriterte mål, tiltak og forankring

Innsatsområde for nullutslepp 2030	Prioriterte tiltak	Ansvarleg for gjennomføring	Tidsrom for gjennomføring	Status og mål framover
Innkjøpte transporttenester	Låg-/nullutslepps bussruter	Avd. Mobilitet og kollektivtransport/politisk	2020	Pågår. Frå 1. desember 2020 vil alle bussar i rutetrafikk i Bergensområdet vera fossilfrie. Bussar som ikkje er elektriske, går på fossilfritt biodrivstoff.
	Låg-/nullutslepps båtruter	Avd. Mobilitet og kollektivtransport/politisk	2022/2024 for bybåtsambanda og alle båtsamband i Sogn og Fjordane	Pågår. Fylkesutvalet har vedteke at ny kontrakt for sambanda mellom Sogn og Fjordane og Bergen, skal leggje til rette for innfasing av hybridbåtar så snart som mogeleg, men seinast innan utgangen av 2024. Nye anbod er planlagt lyst ut ved årsskiftet 2020/2021. Endeleg vedtak i Fylkestinget.  Askøysambandet: Avklaring kring kaiplassering og naudsynt infrastrukturtilrettelegging vil ha innverknad på kommande nytt anbod med omsyn til elektrisk drift.
	Låg-/nullutslepps ferjeruter	Avd. Mobilitet og kollektivtransport/politisk	2020	Pågår. 19 av 24 ferjesamband vil i løpet av 2020 vere drifta av elektriske hybridferjer.
Innkjøpte bygge- og anleggstenester	Fossilfrie/lågutslepps bygge- og anleggsplassar	Eigedomsseksjonen	2020-2022	Felles erklæring om fossilfrie bygge- og anleggsplassar i Vestland.  Etter 2021 skal minst 10% av alle anleggsmaskinar vere utsleppsfrie/drivast av elektrisitet.  CO2-reduksjon for nybygg  Berekraftig materialbruk
	Klima- og miljøvenleg energi til fylkeskommunale bygg	Eigedomsseksjonen	Årleg reduksjon	2 % kutt i energibruk framover
	Grønare bybaneutbygging	Bybanen utbygging	BT4: 2018-2022/23	96 % fossilfri anleggsplass i 2020 (BT4 sentrum-Fyllingsdalen)  Midlar frå klimasats til elektrisk spuntemaskin og lastebil, og til evaluering og vidareutvikling av miljøkrav.
	Lågutslepps fylkesvegutbygging	Avd. Infrastruktur og veg		Utgreiing
Drift i eiga verksemd	Fossilfri bil- og maskinpark	Avd. Organisasjon og økonomi  Avd. Opplæring og kompetanse/vgs		Utgreiing av prosedyre for kjøp/leasing og bruk av bilar i teneste, fortrinnsvis nullutsleppsbilar.  Dei vidaregåande skulane har begynt å kjøpe elektriske maskina med støtte frå Klimasats og frå Enova og internt miljøhandlingsprogram i fylkeskommunen. Voss VGS og Stend VGS kjøpte i 2019 kvar sin minilastar (Avant e6). Stend VGS vil hausten 2020 kjøpe ein elektrisk gravemaskin. Dei har laga ei liste over maskinar som treng utskifting til el og det er behov for kr 680.000 for å dekke meirkostnadane.
	Redusert utslepp frå tenestereiser	Avd. Organisasjon og økonomi/ Fylkesdirektørane		Administrativt innsparingsprogram legg føringar for reiseverksemd. Auka satsing på digitalisering.
	Redusert utslepp frå andre innkjøp	Alle avdelingar Innkjøpsseksjonen		Til ein viss grad blir det stilt krav om fossilfri transport på leveransar til fylkeskommunen. Eit døme på dette er avfallstransport, som står for utslepp av nærmare 40 tonn CO <sub>2</sub> -ekvivalentar årleg.

## Vedlegg 2: Klima- og miljøtilskot til vidaregåande skular i 2020

Søklar	innhald i søknad	beløp	
Amalie Skram VGS	Avfuktar til garderobe for å tørke sykkeltøy Laste el-sykkel	kr	55 000,00
Dale VGS	Elevar skal medverke til grøntområde i atrium. Betre kjeldesortering og oppvaskmaskin i kantina. Betre avfallssystem	kr	54 000,00
Fitjar VGS	Salatbar, kjøleskap, matsvinn, servise og bestikk. Lage bærhage for undervisning og mat. Vatning til urtehagen. Skifte til sensorlyspære.	kr	90 000,00
Knarvik VGS	Storhushald kjøleskap og storhushald fryseskap. Fleirbrukskoppar til kaffiavtale i kantina	kr	80 000,00
Rubbestadneset VGS	Kjøpe sykkel for å bruke sykkel i staden for bil i nærområdet	kr	20 000,00
Sandsli VGS	Urtehage, servise, bestikk, miljødag	kr	25 000,00
Stend VGS	Bytte ut fossildreven gravemaskin til elektrisk. Bytte til elektrisk komprimeringsverktøy. Avfallssortering i klasserom. Bestikk.	kr	257 800,00
Stryn VGS	Salatbar og servise for å unngå eingangsartiklar i samband med salatbar	kr	34 875,00
Voss VGS	Utbetre avfallshandtering i kantina. Fleire og betre avfallsstasjonar. Kjøpe el-sykkel.	kr	100 000,00
Osterøy VGS	Bytte ut plastbeger og-glass, kjøpe kaffikrus. Kjøpe Bokashi-kit.	kr	25 000,00
Årdal VGS	El-sykkel for berekraftig transport for faglærarar som har elevar ute i praksis	kr	20 000,00
	<b>delsum utanom sykkelparkering</b>	<b>kr</b>	<b>761 675,00</b>
Austevoll vgs/ Fagskulen Austevoll	Sykkelparkering og bossbod	kr	350 000,00
Fyllingsdalen vgs	Utvide eksisterande sykkelparkering	kr	200 000,00
	<b>SUM</b>	<b>kr</b>	<b>1 311 675,00</b>

